

Sak

NILSEHOVDA, Ål kommune, Buskerud

REGULERINGSPLAN

Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader




BUSKERUD FYLKESKOMMUNE
Haugesgate 89, 3020 Drammen
Telefon (03) 80 85 00

KULTURADMINISTRASJONEN
Telefax (03) 80 86 72

Ål kommune
Teknisk etat
Torget 1
3570 ÅL

Vår dato: 29.06.92
Vår ref.: 2962/92 ILGL
Deres dato:
Deres ref.:



REGULERINGSPLAN FOR NILSEHOVDA, ÅL KOMMUNE

Planområdet er nå registrert, sjå vedlagte reringsrapport. Det er bare utbyggingsområda innanfor planen som er synfart. Dersom det innanfor landbruksområdet er planar om bruksendring, må plan for dette sendast fylkeskonservator.

I området H1, H2 og H3 vart det ikkje registrert fornminne.

Område H4:

Her vart det funne ei tuft langs vegen inn til H4 frå Fetjastølvegen. Tufta er frå nyare tid, men det er likevel ynskjeleg at denne vert teken vare på. Rett sør for H4 er vegen lagt over eit tørrare parti og her ligg det ei kolgrop merka R1 på kartet. I det søraustre hjørnet på H4, der det er planlagt ei hytte, ligg det ei kolgrop, merka R2. Langs vegen mot H7 ligg det ei kolgrop, merka R3.

I områdene H5, H6, H7, H10 og H15 blei det ikkje funne fornminne.

I området H17 ligg det ein slagghforekomst, som er ein rest etter jernutvinning. Denne ligg rett nedanfor hytta der ein aust-vestgåande sti går over vollen. Merka R4. Rett nord for område H18 vart det registrert ei kolgrop. Denne ser ut til å ligge utanfor hytteområdet. Merka R5.

I områda H19 og H20 vart det ikkje registrert fornminne.

Ein gamal sti går gjennom område H 21, og bør takast vare på. Sjå avmerking på kartutsnittet.

Vi gjer merksam på at dei fleste kolgroper og slagghaugar er frå forhistorisk tid og dermed freda etter Lov om kulturminner §4b. Kulturminna må ikkje påførast skade under byggeperioden eller nyttast til søppelfylling.

Kolgropene kan påvisast av Ola Ellingsgard, Sissel Carlstrøm, Hemsedal eller underskrivne.

Vi gjer også merksam på fylgjande: Dersom det ved tiltak i marka skulle dukke opp fornminne, må arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan røre fornminnet eller sikringssona på fem meter. Melding skal straks sendast fylkeskommunen ved fylkeskonservator, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, §8.

Med hilsen

Geir Helgen
fylkeskonservator

Inger Liv Gøytil Lund
arkeolog

Vedlegg

Kopi: Universitetets Oldsaksamling

Saksbehandler: Arkeolog Inger Liv Gøytil Lund
Tlf. (03) 80 86 68 (direkte innvalgsnr.)

